GeoForum
Organisasjon for geomatikk

# ÅRSMELDING GEOFORUM HORDALAND 2019

## 1. Styret

Styret har i perioden 2019-2020 vore samansett av:

| | | |
|---|---|---|
| Gro Helland | Statens vegvesen | Leiar |
| Ingunn Maria Thorbergsdottir | Norconsult | Nestleiar |
| Haso Bradaric | Statens kartverk | Kasserar |
| Vegard Eriksen | Multiconsult | Styremedlem |
| Stine Frisnes | Bergen kommune | Varamedlem |
| Knut Hellevik | Samnanger kommune | Varamedlem |
| | | |
| Jan Erik Førde | Bergen kommune | Valkomité |
| Torben Jakobsen | Os kommune | Valkomité |
| | | |
| Agnethe Veivåg | Austevoll Kart AS | Revisor |
| Yngve Sagvaag Lunde | Stord kommune | Revisor |

Styret hadde konstituerande møte 27.05.2020 og 6 andre ordinære styremøte/ arbeidsmøte. I tillegg til dette har det elles vore ein god del kontakt via Skype, e-post og telefon.

## 2. Økonomi

Lokalavdelinga sin økonomi går fram av årsmelding frå kasserar. Ein kan elles berre understreka at lokalforeininga framleis har god økonomi og at det for tida ikkje er noko mål å tena pengar på arrangementa. Styret ser ingen grunn for å gå inn for lokal medlemskontingent. I året som kjem vil vi prioritera tiltak som gjer det meir attraktivt å vera medlem.

## 3. Medlemmer

Lokalavdelinga hadde ved årsskiftet 2019-2020 fylgjande medlemmer (utvikling frå 2018 i parentes):

| Type medlem | Antall | Endring |
|---|---|---|
| Medlem: | 135 | (6) |
| Pensjonistmedlem: | 6 | (1) |
| Studentmedlem: | 52 | (14) |
| Æresmedlem: | 1 | (0) |
| Bedriftsmedlem: | 17 | (-2) |
| Totalt: | 211 | 19 |

Det samla talet på medlemer er auka med 19 sida førre årsskifte (6 i 2018). Medlemmer auka med 6 personar. Studentmedlemmer auka med 14 og bedriftsmedlem minka med 2. Vi har mange studentmedlemmar. Dette er på grunn av ein kampanje vi hadde mot studentane på GIS-dagen 2019, der vi dekka eit års medlemskap (ut 2020).

Det er ekstra gledeleg at talet på medlemmer auka i år 2019 som i fjor, fordi i åra 2013-2017 var det nedgang i medlemstalet. Det vert jobba med tiltak for å gjera det meir attraktivt å vere medlem. På alle våre arrangement skal vi sette av litt tid i programmet for å presentere GeoForum og fordelane ved å være medlem.

## 4. Møte og kursverksemd

- Fagdag "Plan, bygg og oppmåling" vart arrangert 15. mai 2019 i samband med årsmøte. Deltakarar på fagdag totalt **71**.

- Eigedomskonferansen 2019 vart arrangert 21. og 22. oktober på Solstrand Hotel og Bad i Os. Konferansen hadde totalt **153** deltakarar. Av desse var 23 studentar kor GeoForum Hordaland saman med HVL sponsa deler av utgiftene, slik at dei fekk delta mot ei mindre avgift.

- GIS-dag 2019 vart halden 13. november saman med UIB og HVL. Me hadde også eit sosialt kveldsarrangement etterpå. **92** Deltakarar.

## 5. Evaluering av våre årlege arrangement

Vi fekk gode tilbakemeldingar på Fagdagen, Mange ville gjerne ha hatt sitteplassar i matpausen. Men det fekk vi ikkje til denne gongen då vi prøvde halde eit lavt budsjett. Dette for å kunne tilby gratis deltaking for medlemmer.

Me har fått gode tilbakemeldingar på Eigedomskonferansen og vil fortsetta dette konseptet.

Også GIS-dagen har fått gode tilbakemeldingar, her vil me jobba vidare med konseptet saman med UIB og HVL.

## 6. Representasjon

På representantskapsmøtet 2. april 2019 under Geomatikkdagane 2019 på Sundvolden hotell i Hole kommune var Hordaland representert med Gro Helland, Ingunn Maria Thorbergsdottir og Knut Hellevik.
Lokalavdelingsleiarane i GeoForum hadde i 2019 skypemøte med jamne mellomrom for erfaring- og informasjonsutveksling.
Leiar Gro Helland deltok på Leiarkonferansen som i år vart arrangert 15.-16. januar i Oslo.

## 7. Diverse

Styret i lokalavdelinga takkar for bidrag frå foredragshaldarar, komitémedlemmer og møteleiarar ved våre arrangement. Lokalforeininga takkar også våre faste samarbeidspartnarar, Statens Kartverk Bergen, Jordskifterettane i Hordaland, Høgskolen på vestlandet og Universitetet i Bergen, for samarbeidet også i år. Takk også til alle som deltok og bidrog på våre arrangement i løpet av året.

Årsmøtet 2019 vedtok at styret skulle utreie samanslåing med GeoForum Sogn og Fjordane. Geoforum Sogn og Fjordane vedtok på sitt årsmøte at dei ikkje ønska samanslåing, men ønskte heller eit utvida samarbeid. Dei to styra har då i samtalar avtalt at vi held fram det samarbeidet vi allereie har, at invitasjon til alle arrangement vert sendt til medlemmer i begge forbund. Og at vi  ut over det skal samarbeide der det høver.

10.01.2020

Gro Helland
styret